



Arkivnr: 2019/12487-1
Saksbehandlar: Kathrin Jakobsen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		20.06.2019

Tildeling av midlar til deltaking i 150 årsjubileum og juletretenning ved The Norwegian Church i Cardiff

Samandrag

Cardiff County er ein av Hordaland fylkeskommune sine samarbeidsregionar. I 2019 er det 150 år sidan den norske sjømannskyrkja blei bygd. 150 årsjubileet skal markerast 15. desember. Tradisjonen med juletretenning utanfor kyrkja skal takast opp att i 2019. Deltaking i desse to arrangementa påfører ekstra kostnader for Hordaland fylkeskommune og vert å finansiere over fylkesutvalet sin disposisjonskonto.

Økonomi: Ingen effekt

Klima: Ingen effekt

Folkehelse: Ingen effekt

Regional planstrategi: Ingen effekt

Forslag til vedtak

Det vert sett av kr 60 000 til deltaking i 150-årsjubileum og juletretenning ved The Norwegian Church i Cardiff desember 2019 finansiert over fylkesutvalet sin disposisjonskonto.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 12.06.2019

I førre møte i fylkesutvalet, 29.05.19, blei det einstemmig vedtatt eit oversendingsforslag der fylkesrådmannen blir bedt om å fremje ei sak for fylkesutvalet knytt til finansiering av Hordaland fylkeskommune si deltaking i 150 års-jubileet for The Norwegian Church i Cardiff.

Cardiff County er ein av Hordaland fylkeskommune sine samarbeidsregionar. Nokre av aktivitetane har vore knytt til The Norwegian Church i Cardiff. Kyrkje vart bygd i 1869 og deretter restaurert i 1991. Dåverande fylkesordførar i Hordaland, Ole Dramdal, la ned grunnsteinen til den nyrestaurerte kyrka. I 1992 vart kyrka opna som kultursenter på ei av dei mest sentrale tomtene i Cardiff Bay, rett ved det walisiske parlamentet og Millennium Centre. Kyrkja vart opna på nytt etter oppussing 17. mai 2011. Dåverande fylkesordførar Torill Selsvold Nyborg opna i samband med dette ein ny "Hordalandsterrasse" ved kyrkja bygd med malmfuru frå Osterøy. Kyrkja er no norsk kultursenter med innslag frå Hordaland og heile Noreg i programverksemda.

På initiativ frå Cardiff Council blei det i 2011 planta eit fire meter høgt grantre utanfor kyrkja. Treet har i ettertid vore "hordalandsjulettreet" i Cardiff. I samband med juletretenninga avduka fylkesordførar Tom Christer Nilsen og Mette Valle i frå Hordaland AUF ein minneplakett for hendingane 22. juli på Utøya. På minneplaketten står det: "Planta til minne om dei som mista livet i Oslo og på Utøya 22. juli 2011" – på norsk, engelsk og walisisk.

Tenning av julettreet foran den norske kyrkja i Cardiff har vore ein årleg tradisjon sidan nittitallet, der julettreet har vore ei gåve frå Hordaland fylkeskommune. Denne tradisjonen med juletretenning ved den norske kyrkja blei avvikla i 2014 på grunn av økonomiske innstrammingar i Cardiff Council. Denne tradisjonen blir teke opp att igjen i 2019.

150 års-jubileet skal arrangerast 15. desember og juletretenninga 1. desember.

Kostnader ved arrangement:

Juletretenning 1. des.

Reise og opphald for 2 politikarar:	kr. 15 000
Nytt permanent Hordaland juletre m/lyssetting m.m.	kr. 15 000
Tilskudd til julearrangementet i kirken for elevene og det norske miljøet	kr. 10 000

150 års jubileet 15. des.

Reise og opphald for Gunnstein Akselberg og Espen Selvik (inkl. honorar)	kr. 25 000
Matvarer	kr. 10 000
Diverse post	kr. 15 000

Fylkesrådmannen tilrår at reise og opphald til to politikarar blir dekkast på ordinær måte og at diverse utgifter må dekkast av arrangørane. Totalt bør det soleis løyvast kr 60 000 kroner frå fylkesutvalet sin disposisjonskonto.